



Sakshandsamar:

Erna Romøren

E-post: erna.romoren@sf-f.kommune.no

Tlf: 57 65 61 16

Vår ref.

Ark.nr.: 04/04660/L.nr: 003600/05

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

200405135/KOH

Dato

LEIKANGER, 31.03.2005

Det kongelige Helse- og omsorgsdepartement

Postboks 8011 Dep.
0030 OSLO

Helse- og omsorgsdepartementet	
Saksnr.: 200405135	Dok.nr.: 80
Arkivkode: 520	Journ.dato: 010405
Avd.: KTA-STE	Saksbeh.: Køtt
U.off.:	

Fylkesnemnda for sosiale saker - valordning NOU 2004:18 Heilheit og plan i sosial- og helsetenestene

Fylkesutvalet har i møte den 30.3.04, sak 34/05, gjort slikt vedtak:

"Sogn og Fjordane fylkeskommune gir slik fråsegn til NOU 2004:18 Heilheit og plan i sosial- og helsetenestene:

§ 7-2 i lovutkastet om fylkesnemnda sin samansetnad bør endrast slik at dette blir i samsvar med Barne- og familiedepartementet sitt forslag til ny § 9-2 i sosialtenestelova i brev av 15.10.04, slik at departementet vel lekfolk til fylkesnemnda direkte frå domstolsutvala i kommunane."

I fylkesrådmannen si saksframstilling til fylkesutvalet står følgjande:

"Helse- og omsorgsdepartementet har ved brev av 30.11.04 sendt på høyring NOU-2004:18 Helhet og plan i sosial- og helsetenestene med høyringsfrist 1.4.05.

Utgreiinga handlar om harmonisering av den kommunale helse- og sosiallovgivinga, og ser tilsynelatande ikkje ut til å berøre fylkeskommunane sitt ansvarsområde.

Men § 7-2 i lovutkastet handlar om samansetjinga og valet av fylkesnemnda for sosiale saker og berører såleis fylkeskommunane på grunn av valordninga. Nemnda er samansett av ein jurist, eit utval av sakkunnige og eit alminneleg utval (lekfolk). Sistnemnde utval skal veljast etter forslag frå fylkeskommunane.

Fylkesnemnda si oppgåve er å gjere tvangsvedtak i barnevernsaker, rusmiddelsaker og overfor psykisk utviklingshemma.

Det er i utgreiinga ingen omtale av fylkesnemnda. I departementet sine merknader til lovutkastet står det nokre få ord om at § 7-2 i lovutkastet er identisk med sosialtenestelova § 9-2 som i dag er heimelen for fylkesnemnda. Dette medfører at departementet vil opprettehalde ordninga med at fylkeskommunane skal foreslå medlemmer til det alminnelege utvalet i fylkesnemnda. Dette er ei ordning utan meining sidan det ikkje skal veljast politikarar inn i nemnda og det heller ikkje skal foretakast noko politisk handsaming av saka i fylkeskommunane. Fylkeskommunane har heller ikkje noko med fylkesnemnda sitt saksfelt å gjere. Arbeidet med å foreslå medlemmer er svært arbeidskrevjande sidan det skal foreslåast 500 medlemmer og medlemene skal takast frå dei alminnelege domstolutvala i kommunane.



Men det interessante her er at Helse- og omsorgsdepartementet ikkje ser ut til å kjenne til Barne- og familiedepartementet sitt høyringsbrev av 15.10.04 der det m.a. er foreslått ei endring i sosialtenestelova § 9-2. Endringa går m.a. ut på at departementet skal velje det alminnelege utvalet i fylkesnemnda direkte frå domstolutvala i kommunane. Fylkeskommunane skal såleis ikkje lenger utarbeide forslag. Eg ser dette som god løysing.

Helse- og omsorgsdepartementet sitt lovforslag inneber at sosialhelsetenestelova vert slått saman med kommunehelselova til ei ny lov om sosial- og helsetenester i kommunane. Eg ser det no som viktig at departementet får med seg Barne- og familiedepartementet sitt forslag til endring i sosialtenestelova over i den nye lova. Eg vil tilrå at fylkesutvalet vedtek ei fråsegn om dette, jfr tilrådinga til vedtak.”

Med helsing



Erna Romøren
rådgivar